



Masfjorden Kommune
Austfjordvegen 2724
5981 Masfjordnes

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/827 - 22/9400

Saksbehandlar:
Jan Kvingedal
jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:
16.11.2022

Melding om delegert vedtak - arealoverføring frå gbnr 43/4 til offentlig veg Fv 571

Vi syner til søknad motteke den 31.10.22
Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.

Administrativt vedtak. Saknr: 126/2022

Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4 bokstav d vert det gjeve løyve til arealoverføring av parsell av gbnr. 43/4 til offentlig vegføremål slik kartvedlegget til søknad viser. Det vert overført omlag 1300 m2

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedomsregistrering jf. §21-9.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Oppmåling

Når klagefristen er ute vert saka sendt til avdeling for oppmåling for vidare sakshandsaming. Sakshandsamingsfristen er 16 veker, jf. matrikkelforskrifta §18. Fristen vert forlenga med den tida som går

med til tinglysing og evt. supplering av opplysningar frå rekvirenten. Kommunestyret har vedteke at tida 01.12-31.03 er vintersesong. Kommunen og rekvirenten kan avtale lengre frist , men ikkje lenger enn 2 år jf. matrikkellova §35.

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld overføring av areal frå gbnr. 43/4 til offentleg vegføremål, ca. 1300 m2. Det er gjort avtale med grunneigar for kjøp av arealet, som vert overført til Hordaland fylkeskommune, som blir vegeigar når tiltaket er ferdig utført.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-område. Det er i kommuneplanen ikkje definert grense mellom vegføremål og tilliggjande areal.

Dispensasjon

Det er vurdert at tiltaket ikkje krev dispensasjon, då det er etablert veg her i dag og denne blir utvida i begrensa omfang. Det er difor ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel

Nabovarsel er sendt i samsvar med pbl. §21-3. Det er ikkje kome inn merknadar frå nokon av partane i saka.

Plassering

Plassering av tiltaket er synt i situasjonsplan.

Landbruksfagleg uttale

Det er gjort vurdering etter jordlova og gjort slikt administrativt vedtak, nr. 119/2022:

Masfjorden kommune syner til jordlova § 9 og gjev løyve til omdisponering av om lag 500 m2 innmarksbeite til samferdsleformål. Det vert vidare synt til jordlova § 12 og gjeve løyve til deling av om lag 1300 m2 stort areal på GBNR 43/4 Furubotn. Søknad med vedlegg, motteke 31.10.2022, vert godkjent.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Kommunen legg til grunn at søknad om dispensasjon på grunn av tiltaket sin art og plassering ikkje skal sendast på høyring til Statsforvaltaren i Vestland, jf. Statsforvaltaren sitt brev, dat. 31.01.2012

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Statsforvaltaren i Vestland. Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Vurdering etter pbl. §26-1

Oppretting eller endring av grunneigedom er et søknadspliktig tiltak etter pbl.20-2, jf. pbl. 20-1 første ledd bokstav m). Det følger vidare av pbl §26-1 at oppretting/ endring av eigedom ikkje må skje på ein slik måte at det oppstår forhold i strid med lov, forskrift vedtekter eller plan, eller at det vert oppretta tomter som ikkje er eigna til bebyggelse pga. storleik, form eller plassering.

Konklusjon

Masfjorden kommune gjev løyve til arealoverføring av om lag 1300 m2 frå 43/4 til offentleg vegføremål jf. vedtaket.

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Jan Kvingedal
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Gunnar Håkon Trædal
Kjersti Furnes Soltvedt
Liv Inger Øydis Trædal

Kringlevegen 308 5983

Haugsvær

Kringlevegen 308 5983

Haugsvær

Mottakrarar:

Masfjorden Kommune

Austfjordvegen 5981
2724

Masfjordnes